Sunnmøre friluftsråd

# Årsmelding 2017

*Smittande natur- og meistringsglede. Asylsøkjarar og flyktningar på tur med friluftsrådet og ÅST til høgste toppen i Ålesund, Vasstrandegga, den 24. mai 2017.*

Sunnmøre friluftsråd

## Innhald:


Side 3-15 1. Styret og administrasjonen sitt arbeid
Side 15 2. Sikring av område til friluftsliv
Side 15 -20 3. Drift og skjøtsel av friluftsområde og tilrettelegging for friluftsliv
Side 21 - 31 4. Aktivitetsarbeid
Side 31 - 34 5. Økonomi – rekneskap
Side 35 - 38 Oversikt over område og eigedelar
Side 38 - 42 Vedtekter


# Forord

2017 har vore eit utfordrande år for friluftsrådet med fleire av dei tilsette ute i lange sjukmeldingsperiodar. Med god hjelp av innleigd arbeidskraft greidde vi likevel å gjennomføre det vi hadde planlagt gjennom året. Mellom dei var pilotprosjekta «Introduksjon til norsk friluftsliv for asylsøkjarar og flyktningar», rydding av marin forsøpling i Ellingsøyfjorden og Borgundfjorden og «Kom UT»: Ein aktivitetsdag for barn i eit friluftsområde i fem medlemskommunar i haustferien. Gjennom året har vi også hatt godt samarbeid med Ålesund-Sunnmøre Turistforening og Sunnmøre Museum om fleire arrangement.

Stikk UT! er ein suksess som held fram å vekse, både med tal på deltakarar og tal på turmål.

Etter påtrykk frå friluftsrådet søkte Ålesund kommune, og fekk innvilga, statleg sikring av holmane Hundsvær, Tyskholmen, Vikholmen og Lauvholmen. Dette opnar for at friluftsrådet i åra framover kan søkje midlar til tilrettelegging, og planlegginga saman med kommunen er i gang. På Hundsvær er ny flytebrygge alt på plass. Fleire andre store tilretteleggingsprosjekt vart fullførte i 2017, både i Haram, Ålesund og Vestnes.

Gjennom heile året har friluftsrådet halde fram arbeidet for å få etablert Skjergardsteneste i Møre og Romsdal. Vi er no nær målet om oppstart i 2018.

Etter nesten 18 år, slutta Geir Haugli i friluftsrådet i 2017. Han var dagleg leiar i full stilling i 15 år, og rådgjevar i halv stilling frå 2014. Malin Ytterhaug Giske vart då tilsett i full stilling som driftsmedarbeidar med ansvar også for utlån/utstyrsbasen og Naturlos. Staben er også styrka ved at Gunn-Helen Hellevik er tilsett i ei 2-årig halv stilling som koordinator og pådrivar for kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane på Sunnmøre. I tillegg har ho vore leigd inn på timebasis for å utvikle eit nytt og betre rekneskaps- og prosjektstyringssystem for friluftsrådet.

I 2017 fekk Sunnmøre friluftsråd sin første nye medlemskommune sidan 2004. Stranda kommune vart samrøystes ønska velkomen med applaus på årsmøtet i mars.

***Vebjørn Krogsæter - Haram***
***Styreleiar***

***Trygve Holm - Sula***
***Styremedlem***

***Janet Roelofs - Ørskog***
***Nestleiar***

***Birger Honningsvåg - Giske***
***Styremedlem***

Sunnmøre friluftsråd

***Jarle Hauge Steffenssen - Ålesund***
***Styremedlem***

***Modolf Hareide - Skodje***
***Styremedlem***

***Palma Flåen Øvrebust - Stordal***
***Styremedlem***

***Solveig Linge Stakkestad - Norddal***
***Styremedlem***

***Skafti Helgason - Vestnes***
***Styremedlem***

***Jostein Dalen - Stranda***
***Styremedlem***

# Styret i 2017

| *Kommune* | ***1.1.- 22.3.2017*** | *Verv* | ***22.3.-31.12.2017*** | *Verv* |
|---|---|---|---|---|
| *Haram* | *Vebjørn Krogsæter*<br>*Ewa Hildre* | *Styreleiar*<br>*Varamedlem* | *Vebjørn Krogsæter*<br>*Ewa Hildre* | *Styreleiar*<br>*Varamedlem* |
| *Giske* | *Birger Honningsvåg*<br>*Sheila Alnes* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* | *Birger Honningsvåg*<br>*Sheila Alnes* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* |
| *Norddal* | *Solveig Linge Stakkestad*<br>*Ole Henrik Uri* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* | *Solveig Linge Stakkestad*<br>*Ole Henrik Uri* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* |
| *Skodje* | *Modolf Hareide*<br>*Geir Ove Leite* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* | *Modolf Hareide*<br>*Geir Ove Leite* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* |
| *Stordal* | *Palma Flåen Øvrebust*<br>*Frode Færøy* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* | *Palma Flåen Øvrebust*<br>*Frode Færøy* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* |
| *Sula* | *Mariann Barstad*<br>*Stine M. Lerheim* | *Nestleiar*<br>*Varamedlem* | *Trygve Holm*<br>*Stine M. Lerheim* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* |
| *Vestnes* | *Aud Sissel Suoranta*<br>*Geir Inge Lien* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* | *Skafti Ingi Helgason*<br>*Inge Bergum* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* |
| *Ørskog* | *Janet Roelofs*<br>*Hallgeir Bjørdal* | *Nestleiar*<br>*Varamedlem* | *Janet Roelofs*<br>*Hallgeir Bjørdal* | *Nestleiar*<br>*Varamedlem* |
| *Ålesund* | *Tore Johan Øvstebø*<br>*Jarle Hauge Steffenssen* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* | *Jarle Hauge Steffenssen*<br>*Yngvild Braute* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* |
| *Stranda* | | | *Jostein Dalen*<br>*Karl Martin Axel Bostrøm* | *Styremedlem*<br>*Varamedlem* |

*Åtte av dei ti styremedlemmane som vart valt på årsmøtet i mars 2017. Frå venstre: Jostein Dalen, Stranda, Solveig Linge Stakkestad, Norddal, Jarle Hauge Steffenssen, Ålesund, Palma Flåen Øvrebust, Stordal, Trygve Holm, Sula, Janet Roelofs, Ørskog, Birger Honningsvåg, Giske og Vebjørn Krogsæter, Haram.*

Arbeidsutvalet i 2017 har bestått av Vebjørn Krogsæter, Janet Roelofs og Jarle Hauge Steffenssen, som m.a. har gjennomført lønsforhandlingar med dei tilsette.

## Styret – handsaming av saker i 2017

Styret har hatt 7 møte i løpet av året. Det siste møtet i desember vart utsett til starten av januar. I alt har styret handsama 44 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett og revisjon av budsjett, årsmelding og arbeidsprogram
- Medlemskontingent for 2017 (vedtatt av årsmøtet)
- Opptak av Stranda som ny medlemskommune
- Justering av vedtektene
- Personal- og tilsettingssaker
- Informasjon til kommunane på Sunnmøre om Skjergardsteneste
- Eventuell deltaking i Stikk UT! Ski

I kvart styremøte har det også vore orienteringar om aktuelle saker og spørsmål friluftsrådet har arbeidd med gjennom året.

Sunnmøre friluftsråd

## Årsmøte 2017

Årsmøtet vart halde i Nilsgardstunet i Stordal onsdag 22. mars 2017 med 20 røysteføre delegatar. Alle medlemskommunane var representerte, inkl. Stranda, som samrøystes vart ønska velkomen som ny medlemskommune. Dette var den einaste saka utanom dei ordinære årsmøtesakene, jfr. vedtektene. Spørsmålet om medlemsskap vart handsama først, slik at dei to utsendingane frå Stranda fekk røysterett i dei resterande årsmøtesakene.

Mariann Barstad (Sula), Aud Sissel Suoranta (Vestnes) og Tore Johan Øvstebø (Ålesund), gjekk ut av styret. Vebjørn Krogsæter ( Haram), tok attval. Dei nye som kom inn i styret var Trygve Holm (Sula), Jarle Hauge Steffenssen (Ålesund), Jostein Dalen (Stranda) og Skafti Ingi Helgasson (Vestnes).

Sunnmøre friluftsråd

Før sjølve årsmøtet var delegatane på tur til Rystene like ved Stordal sentrum. Etter initiativ frå friluftsrådet vart det starta Naturmøteplass her hausten 2016. Den var open kvar onsdag frå kl. 12-14 med fyr på bålet og kaffi i kjelen. Ca. 200 personar var innom i løpet av 2016/2017.

*Artig med litt snøvêr, som sette ein ekstra spiss på besøket.*

Det vart servert nydeleg brennsnut og bålkaffi i gapahuken. Ordførar Eva Hove var gaid på turen og fortalte levande artige og interessante historier om korleis barna brukte dette området då ho var barn. Ho ønska også delegatane velkomen på vegner av Stordal kommune då sjølve årsmøtet starta.

*Ingen klaga verken på maten eller stemninga!*

## Tilsette og engasjerte:

Friluftsrådet har i 2017 hatt følgjande fast tilsette:

May Britt Haukås, dagleg leiar, aktivitet. Alle i 100% stilling.

Pål Henry Høyberg, driftsleiar,

Christer Lundberg Nes, fagleiar

Rådgjevar Geir Martinsønn Haugli slutta i friluftsrådet i 2017.

Gunn-Helen Hellevik

Malin Ytterhaug Giske

Gunn-Helen Hellevik vart frå 1. september engasjert i 50% stilling som prosjektkoordinator for kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane på Sunnmøre. Stillinga er i første omgang for eitt år, og er finansiert av Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Forum for Natur- og Friluftsliv og friluftsrådet. Det vil bli søkt om å få ført vidare prosjektet til 2019. Gunn er utdanna økonom og har også blitt leigd inn på timebasis for å utvikle eit nytt og betre rekneskaps- og prosjektstyringssystem for friluftsrådet.

Malin Ytterhaug Giske fekk fast 100% stilling som driftsmedarbeidar frå 1. oktober. Ho har jobba for friluftsrådet heilt sidan februar 2016, både som hospitant, frivillig og vikar. Malin jobbar med driftsoppgåver ute i friluftsområda, har ansvaret for utlån og stell/vedlikehald av utstyrsbasen, deltek som leiar på ulike friluftslivsarrangement og var ein av to leiarar som gjennomføre Innvandrarprosjektet for friluftsrådet i 2017. Ho har også ansvaret for innsamling av materiale til dei to Naturlos-avisene vi gir ut årleg, med informasjon om arrangerte turar og friluftslivsarrangement i medlemskommunane.

I tillegg har friluftsrådet hatt ei rad personar engasjerte på timebasis gjennom året i ulike prosjekt, både innan drift, tilrettelegging, aktivitet og marin forsøpling. Også tilsette i medlemskommunane, frivillige lag og organisasjonar har vore gode medhjelparar og samarbeidspartnarar.

## Møte, representasjonsoppgåver mm.

*Møte i Klima- og miljødepartementet saman med Friluftsrådenes Landsforbund (FL) i slutten av mars. Dagleg leiar heldt innlegg om behovet for Skjergardsteneste i Møre og Romsdal.*

Gjennom heile året er friluftsrådet med på ei rad møter, kurs, konferansar mm. i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt.

Friluftsrådet er medlem i Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF). I tillegg er vi med i God Helse-samarbeidet i Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Uttaler, innspel, medieomtale, informasjonsarbeid mm.

Friluftsrådet har uttalt seg i fleire enkeltsaker både åleine og saman med FNF og ÅST i løpet av året. Ofte gjeld det konflikt mellom friluftslivsinteressene og andre omsyn, t.d. sjikanøse stengsel av stiar, kvar stiane skal gå osb. Friluftsrådet forsvarer Allemannsretten og befolkninga sin rett til å ferdast i utmark og ved sjøen. Samstundes er det viktig at ferdselen skjer på premissane til naturen og utan å øydelegge viktige naturverdiar og -mangfald.

## Medieomtale

*Sunnmørsposten var til stades då friluftsrådet fekk fylt på meir skjellsand på «sydenbadestranda» på Stafsethneset i Ålesund. Driftsleiar Pål Henry Høyberg i forgrunnen. Foto: Staale Wattø, Sunnmørsposten.*

Også i 2017 har Sunnmøre friluftsråd vore svært synleg i media, både i aviser, radio, nett og TV. Særleg har Stikk UT! ført til stor interesse, men også mange av aktivitetane og driftsarbeidet vårt har fått merksemd. I tillegg har prosjektet med opprydding av marin forsøpling vore hyppig omtalt. Vi har fleire gonger vore gjestar i TV- og radiosendingane til NRK Møre og Romsdal, og både dei, Sunnmørsposten, Nytt i Uka og alle lokalavisene har hatt ei rad reportasjar om arbeidet vårt. Vi opplever at aktivitetane til friluftsrådet blir oppfatta som positivt og godt stoff, og at redaksjonane gjerne lagar oppslag om det vi jobbar med.

Frå artikkel i Sunnmørsposten om Stikk UT!:

*Feiring:*
*Med turen til Otrefjellet i Haram nå på lørdag har Yvonne Ekeland og sønnene Dennis (11) og Oliver (14) gått samtlige 136 turer under årets Stikk Ut. Det blei feira - med alkoholfri eplesider servert i stettglass.*

*Foto: Privat*

## Informasjon

Nettsidene og Facebook er viktige informasjonskanaler i tillegg til andre media. Gjennom året har friluftsrådet jamt og trutt publisert små og store innlegg og fått god uttelling for det. På Facebook har vi no vel 3 240 som følgjer oss. Dette er ein auke på nesten 800 frå året før. Mange av innlegga blir i tillegg delt vidare slik at dei mest populære når endå fleire tusen lesarar.

Også i 2017 har vi annonsert mange av kursa og aktivitetane våre på Facebook, i tillegg til tradisjonelle annonser i avisene. Dette har fungert godt og er noko vi vil halde fram med. Vi vil likevel ikkje slutte å annonsere i avisene, sjølv om vi ser at Facebook er svært effektivt. Vi er avhengige av avisene for å få omtale av det friluftsrådet arbeider med, og då må vi også bidra til økonomien deira ved å kjøpe annonser.

Dei nye nettsidene vi etablerte i 2015 er ei god hjelp i informasjonsarbeidet. Særleg Stikk UT! fører til mykje besøk på sida, men også vêr, flo og fjøre og utlån frå utstyrsbasen er viktig. Med den nye skjemafunksjonen har utlånet blitt enklare og meir oversiktleg både for oss og brukarane. Vi får også tilbakemeldingar frå folk som brukar nettsidene for å få tips og inspirasjon til turar.

## Skjergardsteneste

Gjennom heile året har friluftsrådet arbeidd for å få etablert skjergardsteneste i Møre og Romsdal. I mars deltok dagleg leiar saman med FL og dei andre friluftsorganisasjonane i landet på eit høyringsmøte i samband med den komande handlingsplanen om friluftsliv, som skal vere ferdig våren 2018. Dagleg leiar heldt der ein presentasjon om behovet for Skjergardsteneste i Møre og Romsdal.

I juni kom så gladmeldinga vi knapt hadde våga å håpe på: Rigmor Andersen Eide (Krf.) ringte og fortalte at det var sett av 5 millionar kroner spesielt til Skjergardsteneste i Møre og Romsdal i det reviderte nasjonalbudsjettet for 2017. Desse midlane kjem i tillegg til dei 5 millionane som var løyvde året før til ei utviding av tenesta til nye område. Før jul plussa Stortinget så på med nye 5 millionar i statsbudsjettet for 2018, slik at det no er sett av 15 millionar, 5 av dei spesielt til Møre og Romsdal.

*Det er ikkje ofte vi tek oss tid til å feire med kake på jobb i friluftsrådet, men det gjorde vi då vi fekk meldinga om at det er sett av 5 millionar kroner i statsbudsjettet til Skjergardsteneste i Møre og Romsdal. Vi tok sjølvsagt feiringa ute – her representert ved Malin og Pål.*

Rett før jul fekk så dei to friluftsråda i fylket dei 100 000 kronene Kultur- og folkehelseutvalet i fylket løyvde i 2016, til å utarbeide ein behovsanalyse for Skjergardstenesta i Møre og Romsdal. Denne analysen blir grunnlag for avgjerda som skal fattast i fylkestinget i april 2018 om den fylkeskommunale delen av spleiselaget.

Sunnmøre friluftsråd

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal ønskjer å drifte skjergardstenesta i fylket saman med Sunnmøre friluftsråd, og styra i begge har vedtatt å reservere ein del av medlemskontingenten til dette.

Friluftsrådenes landsforbund (FL) har vore ein viktig støttespelar og pådrivar, som også gjennom heile året har jobba mot sentrale styresmakter og politikarar og argumentert for behovet for ei utviding av skjergardstenesta til heile Norskekysten.

## Besøk og synfaringar

Styret i Friluftsrådenes Landsforbund (FL), paraplyorganisasjonen til friluftsråda i landet, legg kvart år nokre av styremøta til eit av medlemsfriluftsråda. I august var Sunnmøre friluftsråd vertskap. Gjestane fekk m.a. omvising i lokala og utstyrslageret vårt, ei omvising i Stafsethneset friluftsområde, før vi drog på tur til Storholmen og to av dei nyleg statleg sikra friluftsområda i Ålesund: Hundsvær og Tyskholmen. Vi utforska områda både frå land og sjøen, og diskuterte mogelege tilretteleggingstiltak. Fleire frå styret til friluftsrådet var også med, og vi avslutta med ein hyggeleg klippfiskmiddag om kvelden.

*Vi var heldige og hadde eit fantastisk vêr då styret i FL kom på besøk i midten av august. Også fleire frå styret til friluftsrådet, og dei tilsette, var med på synfaringane denne dagen.*

*Avgang frå Hundsvær.*

*På land på Tyskholmen.*

Litt tidlegare i august var det tilsette i Ålesund kommune som var med på synfaring til dei nye statleg sikra friluftsområda Hundsvær, Tyskholmen, Vikholmen og Lauvholmen. Formålet var å vurdere kva som trengs av tilretteleggingstiltak, slik at arbeidet med forvaltningsplanar for områda kan settast i gang.

*Klart for avgang. Frå venstre: Arne Neumann, Linda Fiskerstrand Sperre, Helene Vorren og skipper Pål Henry Høyberg.*

*Badeplassen «Karuseren» på Tyskholmen*.

## Kontor, verkstad og lager mm.

Sidan hausten 2011 har friluftsrådet hatt kontor, lager og verkstad på Kongshaugstranda 105 i Vegsundet i Sula kommune. Her leiger vi no fire kontor med diverse fellesareal og om lag 320 m2 lager og verkstadlokale. Aktivitetsleiar har heimekontor i Volda.

Friluftsrådet leiger to arbeidsbilar. Aktivitetsleiar disponerer den eine og driftsleiar den andre. Frå oktober 2015 leiger vi også ein Irus beitepussar.

# 2.
# Sikring av område for friluftsliv

Friluftsrådet tok opp att arbeidet med sikring av viktige friluftsområde i 2005. Etter ønske frå medlemskommunane er det dei som skal gjennomføre sikringsarbeidet, medan friluftsrådet skal vere pådrivar og medspelar.

Etter påtrykk frå Sunnmøre friluftsråd fekk Ålesund i 2017 statleg sikra fire nye område: Hundsvær og Tyskholmen med badeplassen «Karuseren» i Borgundfjorden, og Vikholmen med Lauvholmen i Ellingsøyfjorden. Dette betyr at friluftsrådet i åra framover kan søkje midlar til tilretteleggingstiltak, m.a. til restaurering av den gamle badeplassen Karuseren. Ny flytebrygge ved Hundsvær har vi alt fått på plass. Den har fått ekstra lang landgang, slik at den ikkje blir for bratt for rullestolar. Den flate og fine sletta på land gjer at dei aller fleste kan bruke området.

Også tidlegare Prinsen Camping i Ålesund er eit område friluftsrådet har engasjert seg i å få sikra for friluftslivet.



# 3.
# Drift og skjøtsel av friluftsområde og tilrettelegging for friluftsliv

I 2017 har friluftsrådet hatt ansvar for drift, skjøtsel og tilrettelegging i 18 større friluftsområde i medlemskommunane på til saman 1496 dekar. I tillegg kjem delansvar for drift, skjøtsel og tilrettelegging i andre statleg sikra friluftsområde som t.d. Tueneset og Parrvika i Ålesund, Murvika i Skodje og Vassetvatnet i Sula.

Friluftsrådet har ei rad eigedelar (tilretteleggingstiltak) som flytebrygger, bruer, toalett, grindbygg og gapahukar,

informasjonstavler, stiar, bålplassar mm. som vi har heilt eller delvis ansvaret for. Desse ligg i all hovudsak i regionalt viktige friluftsområde.

Friluftsrådet tek ansvar for å søke om midlar til skjøtsel og tilrettelegging i alle dei statleg sikra friluftsområda i medlemskommunane. I 2017 vart det sendt 11 søknader, mot 25 i 2016 og 14 i 2015. Bakrunnen for færre søknader til tilrettelegging i 2017, var redusert kapasitet andre halvår fordi driftsleiaren i august skulle gjennom ein planlagd kneoperasjonen. Færre søknader førte til at vi fekk tilslag på alle, med eit samla tilskot på kr. 1 314 000. Dette er på same nivå som i 2016 (kr. 1 356 000). Av potten på vel 9,6 millionar kroner, som fylkeskommunen har hatt til fordeling til dei statleg sikra friluftsområda dei siste fem åra, har Sunnmøre friluftsråd fått nesten halvparten (kr. 4 645 000). Dette er midlar som er brukte til tilretteleggingstiltak i medlemskommunane våre.

Glimt frå bygginga av det nye grindbygget i Gurinesbukta i Haram. LHL Skodje/Ørskog/Haram, med eldsjel Odd Arne Grande i spissen, gjorde ein fantastisk jobb saman med friluftsrådet. LHL spanderte også bålpanne til nybygget, innkjøpt med midlar frå Ørskog Sparebank.

*Nesten ferdig. Berre benkane inne og utvokse gras på taket manglar.*

*Engasjerte dugnadsfolk er ein viktig og avgjerande ressurs i arbeidet til friluftsrådet. Khalid, Bjørn og Tom har gjort ein flott jobb i Gurinesbukta.*

## Døme på gjennomførte tiltak i statleg sikra friluftsområde i 2017:

- Gurinesbukta Nytt grindbygg
- Stafsethneset Påfylling av skjellsand til badestranda
- Kråkvika Ferdig bade- og fiskemolo
- Mauren Opprusting parkeringsplassane
- Bogneset-Furmyr Finansiert benkar og avfallsbehaldarar
- Hundsvær Ny flytebrygge med landgang
- Flofjellet Rastebenkar

I tillegg er det gjort mykje anna arbeid som:

- Jamt tilsyn, vask og tømming/påfylling av toaletta
- Slått av gras, opprydding av søppel mm
- Tilsyn og reparasjon av flytebrygger

Friluftsrådet har i tillegg hatt god hjelp frå andre i dette arbeidet, som:

- Mauseidvåg og Solevåg Idrettslag - vask av toalett på Taustua

- Stordal Idrettslag, langrenn - vask av toalett på Overøye i Stordal
- Vigra IL Jenter 2004 - vask av toalett på Blimsanden i Giske
- Gjersetdalen Villmarksområde BA - vask av toalett i Gjersetdalen i Haram
- Ålesund Rotary Øst - Dugnad Svinøya
- Kråkvika Vel - Dugnad Kråkvika
- Vatne Velforening - Dugnad Gurinesbukta
- LHL Skodje/Ørskog/Haram - Dugnad Gurinesbukta

## Oversikt søknader og tilskot til statleg sikra friluftsområde i 2017

| Tiltak statleg sikra friluftsområde: | Søkt | Innvilga | Type tiltak |
|---|---|---|---|
| Stafsethneset | 124 740 | 124 000 | Ny skjellsand badestrand |
| Stafsethneset | 17 780 | 17 000 | Badebøyer |
| Tueneset -Stavneset | 150 000 | 150 000 | Vintertoalett/muldo, påbygg eksisterande (vidareført frå 2016) |
| Bogneset-Furmyr | 200 000 | 200 000 | Benkar og avfallsbehaldarar |
| Kråkvika-Kråkneset | 183 500 | 180 000 | Fullføring bade/fiskemolo |
| Langevågsholmane | 282 000 | 282 000 | Brygge, WC, bålplass mm |
| Mauren | 60 000 | 60 000 | Opprusting parkeringsplassar |
| Gurinesbukta | 219 104 | 219 000 | Grindbygg, bål/grillplass |
| Flofjellet | 19 600 | 15 000 | Rastebenkar |
| Hundsvær | 49 900 | 50 000 | Flytebrygge |
| Slinningen-Parrvika | 17 780 | 17 000 | Badebøyer |
| | **1 324 404** | **1 314 000** | |

## Hærverk

Dessverre opplever friluftsrådet nesten kvart år at det blir gjort hærverk i større eller mindre grad i friluftsområda. Dette fører til mykje ekstraarbeid og auka kostnader – i tillegg til frustrasjonen over at nokre få øydelegg for så mange andre. Dei verste tilfella i 2017 var ulovleg hogst av tre i Gurinesbukta og rasering av toalett, bålplass, grind og benkar på Storholmen. Gjerningspersonane er delvis kjent og sakene meldt til politiet, men førebels ikkje etterforska etter det vi veit.

*Mellom 20 og 30 tre vart ulovleg hogd ned i Gurinesbukta. Stubbane står att som farlege snublefeller for barna som brukar området.*

*Stammane var kløyvd til ved.*

*Barna i barnehagen like ved, som brukar området nesten dagleg, vart fortvila over alle klatretrea som var borte.*



*På Storholmen var grinda frå flytebrygga riven ned og brent på bålet, saman med benkane og døra til toalettet.*

*Innvendig var toalettet fullstendig rasert, vindauget knust, og der var slått hol i ein vegg.*

*Politiet sikra spor etter gjerningspersonane.*

*Toalettet må totalrenoverast. Det same må bålplassen, og nye benkar må på plass for å erstatte dei som vart brent på bålet.*

# 4.
# Aktivitetsarbeid

*Kajakkane til friluftsrådet er populære og svært mykje brukt.*

Aktivitetsarbeid retta mot skular, barnehagar, barn og unge har vore ei viktig oppgåve for friluftsrådet heilt sidan starten av 1990-talet. Christer Lundberg Nes har vore fast tilsett som fagleiar aktivitet sidan 2008. Fram til då vart han leigd inn etter behov. Friluftsrådet har såleis hatt kontinuitet i aktivitetsarbeidet gjennom meir enn 20 år og har i dag eit omfattande tilbod.

## Læring i friluft

«Læring i friluft» handlar om å stimulere til meir og betre uteaktivitet i skular og barnehagar. Friluftsrådet deltek aktivt i nettverket av friluftsråd og Friluftsrådenes Landsforbund som arbeider med uteskule/-barnehage.

På slutten av 2010 starta friluftsrådet arbeidet med opprettinga av eit «lærande nettverk» for skulane i medlemskommunane. I dag er 25 skular med, og dette er mellom dei største nettverka til friluftsråda i landet. Kvart år blir det gjennomført ei to-dagars samling med ulike tema der alle medlemsskulane blir inviterte til å delta.

I 2017 er følgjande gjennomført gjennom «Læring i friluft»:

13 arrangement for pedagogisk personale i skule og barnehage med totalt 340 deltakarar.

Arrangementa omfattar nettverkssamlinga for tilsette i skular/barnehagar/SFO m.a. med kajakk og livredning som tema, foredrag om skredfare, opplæring i å bruke plastfjell i undervisninga om skredfare, og opplæring i å bruke nærområda til uteundervisning. I tillegg er det levert manus om førstehjelp til revideringa av «Læring i friluft»-permen, og manuset til eit eige hefte om førstehjelp er nesten ferdig.

Gratis utlån av utstyr frå utstyrsbasen til friluftsrådet er ein del av «Læring i friluft». Meir funksjonelle og tiltalande nettsider har gjort det enklare å informere om utlånet og lettare å administrere. Tilbodet har siste året blitt endå betre kjent blant skular, barnehagar, lag og organisasjonar i medlemskommunane. Med midlar frå Gjensidigestiftelsen har vi i 2017 utvida og oppgradert kajakkbasen vår, slik at vi no har tre hengarar med komplette klassesett, to for barn og ein for ungdom/vaksne. Men også anna utstyr som lavvoar, kokeutstyr for matlaging på bål, truger mm. er populære. I 2017 hadde vi 71 utlån over 203 dagar med til saman 4 908 deltakarar. Undervisningsopplegget for kajakk utvikla i Natursekken er fast i læreplanen for heile klassesteg ved to skular.

Arbeidet med «Læring i friluft» er støtta med midlar via Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune. I 2016 vart det gjennomført 23 utedagar med ca. 1 300 deltakarar.

Sunnmøre friluftsråd

## Aktivitetstiltak for barn og unge

Friluftsrådet har som mål å gi barn og unge tilbod om aktivitet på fritida der dei får prøve ut ulike friluftsaktivitetar og bli betre kjent med kva dei kan finne på i eige nærmiljø. Her har vi eit tett samarbeid med lag og organisasjonar, som er dei som driv mykje av aktiviteten gjennom året.

Mellom tiltaka vi arrangerte i 2017 var tre friluftsskular i sommarferien. Ein i Gurinesbukta på Vatne i Haram med overnattingstur til Haramsøya, ein på Stafsethneset i Ålesund med overnattingstur til Svinøya og ein på Stranda med overnatting to netter på Patchellhytta.

I haustferien arrangerte vi for første gong Kom UT: Eit gratis tilbod til barn og unge med friluftslivsaktivitetar i eitt friluftsområde i fem kommunar over fem dagar . Vi deltok også i fleire arrangement i regi av andre, som t.d. Førstereis med Storeggen, Kom ut-dagen, Førjulssøndag på Sunnmøre museum og adventstur til Rollonhytta med Barnas Turlag.

I tillegg låner friluftsrådet ut kajakkar og anna utstyr til lag og foreiningar som arrangerer aktivitetstilbod til barn og unge på fritida.

Arbeidet er støtta økonomisk via Friluftsrådenes Landsforbund, Møre og Romsdal fylkeskommune og Miljødirektoratet.




## Naturlos

NATURLOS er eit tiltak for å marknadsføre natur- og kulturvandringar og arrangement i medlemskommunane. I hovudsak er dette vandringar og arrangement i regi av lag og organisasjonar, som får hjelp til marknadsføringa gjennom gratis omtale i Naturlos.

I 2017 marknadsførte friluftsrådet 140 natur- og kulturvandringar med ca. 3500 deltakarar i medlemskommunane i to Naturlosaviser. Dei kjem som innstikk i Nytt i Uka (vår og haust) og som lause aviser i dei medlemskommunane avisa ikkje dekkjer.  I tillegg kjem ei rad andre arrangement som fekk eigne annonser i avisene og omtale på nettsida vår og Facebook. Det same gjeld fleire

andre turar og arrangement der friluftsrådet var med som arrangør, t.d. Naturmøteplassane.

Friluftslivets veke vart arrangert i samarbeid med Ålesund-Sunnmøre Turistforening på Tueneset i Ålesund.

Naturlos er finansiert med midlar via Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vi rettar ein stor takk til alle lag og organisasjonar som står på og lagar til ei mengde arrangement og turar rundt om i kommunane. Gjennom Naturlos gir vi eit godt bilde av aktiviteten i regionen.

## Folkehelse

Det meste av arbeidet til friluftsrådet handlar om folkehelse, anten det gjeld tilrettelegging, aktivitetar eller informasjonsarbeid. Folkehelse er likevel eit eige arbeidsområde, særleg knytt til aktivitetar for personar med spesielle behov. Mellom dei er menneske som ikkje greier å gå langt og bratt, men som likevel vil ha glede av å kome seg ut på tur. Desse er hovudmålgruppa for turkorta til friluftsrådet. 10 nye turkort vart produserte i 2017. I alt er no 38 turar samla i turkortpermane vi har distribuert tidlegare, saman med informasjon om friluftsrådet, allemannsretten, førstehjelp og litt om kvar medlemskommune. Permane er delte ut til institusjonar, bibliotek, sørviskontor, venterom osb. saman med lause turkort interesserte kan ta med heim. I tillegg kan turkorta skrivast ut frå heimesida til friluftsrådet.

Frå 2015 har dei to friluftsråda i fylket inngått samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om folkehelsearbeidet. Dette betyr m.a. at friluftsråda formelt er del av folkehelsearbeidet og med i dei fora der dette er tema. Medlemsskapet kan også gi tilgang til midlar som friluftsråda tidlegare ikkje kunne søke på.

Naturmøteplassen er eit nytt prosjekt vi tok initiativ til i 2016. I Rystene i Stordal brann bålet og kaffien var klar kvar onsdag kl. 12-14 frå oktober 2016 og heile 2017. Dette var eit samarbeid med tilsette i kommunen og frivillige. Folkehelsekoordinatorstillinga vart vedtatt fjerna i Stordal rett før jul. Naturmøteplassen der blir derfor lagd nedfrå 2018. Ca. 200 personar deltok i løpet av tida den var i drift.

To nye Naturmøteplassar er etablert i 2017: Ein i Ålesund, ved Dam 2 på Aksla, og ein i Kråkvika i Vestnes. Begge er store suksessar med eit gjennomsnitt på ca. 12 personar på besøk kvar veke. Målet er at dei skal blir ein fast møteplass i friluft gjennom året for endå fleire som har ledig tid på dagtid. Friluftsrådet arbeider med å få

etablert Naturmøteplassen i fleire medlemskommunar. Bildet er frå Kråkvika i Vestnes. Foto: Siw Brastad.

## Stikk UT!

*Frå Flofjellsvegen i Stranda.*

Turregistreringskonkurransen Stikk UT! held fram å vekse og blir stadig meir populær. I 2017 registrerte 8 270 deltakarar 178 862 turar. Om kvar tur får ein verdi på kr. 100, har Stikk UT! gitt samfunnsverdiar for nesten 18 millionar kroner på Sunnmøre åleine frå 1. mai til 31. oktober. I tillegg viser talet på signaturar i turbøkene at vi ganske sikkert kan gange desse tala med fire.

Talet på turmål var auka til 136, mot 119 i 2016. Også Stikk UT! Bedrift er ein suksess, der vel 50 arbeidsplassar var med og brukte Stikk UT! som trivselstiltak på jobben.

Tilbakemeldingane er eintydig positive og mange melder at dei gler seg til neste sesong og at dei då skal få med seg fleire. Stikk UT! motiverer både barn, unge, vaksne og eldre til å gå oftare på tur og til fleire turmål enn tidlegare. Særleg det å oppdage så mange nye flotte turmål i regionen er ein viktig motivasjonsfaktor for mange.

*Bildet til venstre: To blide brødre på toppen av Signalen på Valderøya*

*Fleire familiar saman på Stikk UT!-tur på Molnesfjellet på Vigra.*

## Innvandrarprosjektet

*«Førpremiére» på 17. mai på Volsdalsberga i Ålesund.*

Bebuarane på asylmottaket i Ålesund var målgruppa for prosjektet «Finn naturglede – vinn helse» som Friluftsrådenes Landsforbund innvilga 100 000 kroner til våren 2017. Vi ønska å gi bebuarane gode opplevingar i friluft, «friminutt» frå ein ofte krevjande kvardag med mykje venting, passivitet og uvisse.

Stina Johansson og Malin Ytterhaug Giske, som fekk ansvar for prosjektet, starta med besøk på asylmottaket og møte med bebuarrådet for å drøfte kva dei ønska seg og kva som ville vere realistisk å gjennomføre.

Ein viktig føresetnad var å legge arrangement i gå-avstand frå asylmottaket på Volsdalsberga fordi bebuarane ikkje hadde bil eller pengar til transport. Der var eit stort ønskje om å finne møteplassar der dei kunne treffe nordmenn, få prate norsk og lære meir om folk og kultur.

Mange planar vart lagt, men så kom beskjeden i slutten av april om at mottaket skulle avviklast. Nokre av bebuarane skulle flyttast til mottak andre stader, eller sendast ut av landet. I løpet av august skulle mottaket vere tomt.

Dette førte til at planar måtte kastast om og at det vart dårlegare tid enn ønska til gjennomføring av prosjektet.

*Tur opp bytrappene til Fjellstua med matlaging på bål ved Dam 2 på Aksla.*

Frå april til midten av juni vart det gjennomført seks arrangement, der særleg førpremiéren på 17. mai den 16. vart ein stor suksess. Då kom ca. 150 personar og deltok i sekkeløp, potetløp, oppsetting og bruk av taubruer, natursti, frisbee og mange andre aktivitetar. I tillegg var der popcorn laga på bål, is, kaffi og te. Typisk mai-vêr la inga demping på feiringa.

*Moro med 17. mai-feiring på forskot.*

Ålesund-Sunnmøre Turistforening, Norskopplæringa, Ålesund frivilligsentral og Røde Kors var mellom dei viktige medhjelparane som gjorde at vi, før asylmottaket vart tømt, kunne gi mange ein

introduksjon til norsk friluftsliv både gjennom dette arrangementet, padlekurs og fleire fjellturar i nærområda til Ålesund.

*Padlekurs i Borgundgavlen.*

*Til topps på Sukkertoppen.*

*Bading på turen til Vasstrandegga.*

Sunnmøre friluftsråd

## Marin forsøpling

Marin forsøpling er eit gigantisk globalt, nasjonalt og lokalt problem som friluftsrådet vil bidra til å løyse lokalt. Vi søkte midlar frå Miljødirektoratet til opprydding i Ellingsøyfjorden og Borgundfjorden i 2017. Først fekk vi avslag, men så vart det løyvd meir pengar til dette i revidert nasjonalbudsjett, og midt i sommarferien kom beskjeden om at vi likevel fekk innvilga søknaden.

Det første vi gjorde var å leige inn Gunnar Godø og Eirik Johan Kårby til å gjennomføre prosjektet. Så kjøpte vi ein liten båt med påhengsmotor og inviterte til samarbeidsmøte med andre lokale aktørar som ÅRIM, Bingsa (Ålesund kommune), Plastfritt Giske, Ellingsøy IL og Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Vi vart fort samde om at saman får vi til meir enn kvar for oss.

I løpet av hausten hadde vi eit felles avsparksarrangement på Atlanterhavsparken i Ålesund, kartla kvar søpla samlar seg langs kystlina i dei to fjordane og på øyar og holmar, og kontakta skular, barnehagar, lag og foreiningar og inviterte til innsamlingsaksjonar. Hold Norge Rent sendte oss jamne forsyningar av søppelsekkar og hanskar, som det gjekk med store mengder av. Kartlegginga gjorde det fort klart at her var rikeleg med søppel til alle og vel så det.

I løpet av hausten fekk vi samla inn totalt 113 tonn plastsøppel i dei to fjordane. Over 400 frivillige deltok i ulike dugnader. Dei to prosjektleiarane, og medhjelpar Stephen Irving, deltok i mange av dugnadane, i tillegg til sjølve å plukke plastsøppel på stader som ikkje eigna seg for dugnader. Dei henta også innsamla avfall frå aksjonane eller ordna med utplassering av konteinar der det var behov for det i samarbeid med ÅRIM og Bingsa. Dei avdekte også fleire kritikkverdige tilhøve, som ulovleg

brenning av plast i fjøra og dumping av avfall i sjøen. Dette er meldt inn til kommunane det gjeld, og rapporten frå aksjonen er sendt m.a. til kommunane og fylkesmannen.

*Frå Hundsvær i Borgundfjorden..*

*Hatthomen i Sula har ei trist historie, men er no rydda.*

*Den vesle båten med påhengsmotor var avgjerande for å få jobben gjort.*

*Frå Svinøya i Ellingsøyfjorden (over) og Hundsvær i Borgundfjorden (høgre).*

## Kystleia

Dei to færingane friluftsrådet eig, Leia og Linge, ligg ved Sunnmøre Museum. Dei blir leigde ut i samarbeid med museet og Sunnmøre Kystlag både til private og til lag og foreiningar. Vi har ein jobb å gjere med å gjere dette tilbodet betre kjent. «Linge» har plass til 4 personar og kostar berre kr. 150 å leige ein dag. Med overnatting og lavvo blir prisen kr. 350. Same prisane gjeld for «Leia», som har plass til 6 personar.

«Linge» til venstre og «Leia» til høgre.




## Skikompis - skredførebyggjande arbeid

Kompetansen til fagleiar aktivitet om snøskred og ferdsel i vinterfjellet er ein viktig del av arbeidet til friluftsrådet. Christer Lundberg Nes held skredførebyggjande kurs og skredkurs for ungdom gjennom året, og held forelesingar på høgskular og konferansar. I samarbeid med friluftsrådet gav han i 2013 ut boka Skikompis. Den er no pensum ved aktuelle liner på Høgskulen i Volda, Høgskulen i Sogn og Fjordane og UiT - Norges Arktiske universitet. Den er også pensum på Dagskurs- og Grunnkurs skred Nordisk, Dagskurs- og Grunnkurs skred Alpint i regi av Norsk Fjellsportforum. I tillegg er boka referanselitteratur i utdanninga til Norske Tindevegledere, på andre aktuelle liner ved høgskular/universitet, og vidaregåande kurs i skredutdanninga i Norsk Fjellsportforum. I samband med Skikompis har friluftsrådet etablert heimesida www.skikompis.no. Det er også utarbeidd informasjonsskilt for bruk i skianlegg og små skikompisfaldarar med enkle tips til sikker ferdsel.

Også i 2017 har Christer Lundberg Nes vore ein del av NVE sitt observatørkorps og med i det nasjonale nettverket for erfaringsdeling og kompetanseheving både internt og eksternt. Observasjonar i terrenget gjennom vinteren ligg til grunn for NVE sine skredvarsel på www.varsom.no. Rett før jul 2017 fekk Lundberg Nes stipend frå Norsk faglitterær forfattar- og oversetterforening til revidering Skikompis. Styret i friluftsrådet har innvilga permisjon i tre månader i 2018 til arbeidet.

## Tilskot aktivitet

| Aktivitet | Søkt | Innvilga | Type |
|---|---|---|---|
| Læring i friluft | 452 000 | 260 000 | Nettverk lærarar, kajakk, taubruer, uteundervisning mm. |
| Friluftsliv og folkehelse | 314 680 | 205 000 | Turkor, turkortturar, Naturmøteplassar. |
| Innvandrarprosjektet | 178 750 | 100 000 | Introduksjon til friluftsliv for asylsøkjarar og innvandrarar. |
| Friluftsskular | 299 930 | 264 500 | Tre friluftsskular |
| Naturlos | 400 000 | 275 000 | To aviser + annonser i avisene/Facebook/nettsider. |
| Kom UT! | 182 500 | 100 000 | Aktivitetsdagar i 5 friluftsområde i 5 medlemskommunar i haustferien. |
| Stikk UT! | 400 000 | 400 000 | Frå FL og Fylkeskommunen |
| Stikk UT! | | 450 000 | Frå Gjensidigestiftelsen (400 000) og Sparebanken Møre (50 000) |
| Fellesarrangement | 22 000 | 20 000 | Kom Ut-dagen, førjulssøndag, adventstur mm |
| Naturmøteplassen frå Fylkeskomm. | 20 000 | 10 000 | Kjøpt inn bålutstyr mm |
| | **2 269 860** | **2 084 500** | |

# 5.
# ØKONOMI – Rekneskap

Revisorgodkjenning av årsoppgjeret 2017 er under arbeid og blir lagt fram på årsmøtet.

Årsoppgjeret for 2017 viser eit overskot på kr. 438 827,-. Dette er nesten identisk med 2016. Så mykje som kr. 1 034 056,- er overført til budsjettet i 2018. Dette er midlar som er komne inn på konto til prosjekt som blir vidareført: Lønnsmidlar til prosjektkoordinator kartlegging og verdsetting, vintertoalett på Tueneset, opprusting på Storholmen, tryggleiksutstyr på arbeidsbåten og midlar frå Gjensidigestiftelsen til Stikk UT. Desse midlane blir ført som inntekt i 2018 og er altså ikkje med i rekneskapen for 2017. Både driftsinntektene og – utgiftene i 2017 er då vel 800 000 kr. høgre enn året før, knapt 7 millionar kroner.

Med dei overførte midlane trekt ifrå, viser rekneskapen at friluftsrådet i 2017 skaffa kr. 3,10 for kvar krone vi fekk inn i medlemskontingent. (Kr. 4,70 om midlane hadde blitt brukte i 2017.) Dette trass i at den samla kontingenten auka med Stranda som ny medlemskommune.

Friluftsrådet har god likviditet og vel 2,8 millionar kroner på konto pr. 31.12.2017.

INNTEKTSFORDELING

| Inntekter | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Medlemskontingent | 1 046 928 | 1 326 015 | 1 688 472 |
| Andre kommunale tilskot | 16 500 | | |
| Fylkeskommunale tilskot | 309 000 | 580 000 | 852 400 |
| Statlege tilskot via FK | 1 904 000 | 2 003 600 | 996 400 |
| Statlege tilskot via FL | 1 295 000 | 1 488 300 | 1 532 500 |
| Andre inntekter | 1 021 651 | 1 215 574 | 1 847 844 |
| | 5 593 079 | 6 613 489 | 6 917 616 |
| | | 1) | 2) |

1) inkl. tilbakeført mva på 520 000
2) ex tilbakeført mva på 561 000









| UTGIFTER | | | |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **Utgifter** | **2015** | **2016** | **2017** |
| Løn og sosiale kostnader | 2 136 978 | 2 487 885 | 3 004 760 |
| Adm. + reise- og møteutgift | 787 683 | 779 636 | 881 968 |
| Drift, skjøtsel og tilretteleg | 1 419 652 | 1 295 818 | 1 377 537 |
| Aktivitetsprosjekt | 612 498 | 1 027 116 | 1 180 174 |
| Mva | 546 637 | 520 442 | |
| Anna | 52 382 | 65 561 | |
| | 5 555 830 | 6 176 458 | 6 444 439 |
| | | | 3) |
| | | | |

3) Mva.kostnaden er ikkje spesifisert i utgiftene frå og med 2017. (utgjer 561 000)









Sunnmøre friluftsråd

## Oversikt over friluftsområde der friluftsrådet har ansvar per 31.12.17

| Kommune | Namn | Areal/da | Eigar | Sikringsstatus | Tilrettelegging |
|---|---|---|---|---|---|
| **Giske** | Blimsanden | 10 | Privat | Regulert | 2 Toalett, tilkomstveg, vegbom |
| **Haram** | Bjørnøya<br><br>Gurinesbukta | 200<br><br>5,4 | Privat<br><br>Kommunen | Avtale m/grunneigar 10 år<br>Statleg sikra | * Kystfort, turveg og stiar, informasjon, kvilebenkar etc<br>Parkeringsplass, veg, bade/fiskebrygge, rullestolrampe, toalett, badestrand, bålplass, grindbygg. |
| **Skodje** | Mauren<br><br>Håhjem | 315,5<br><br>80 | Staten<br><br>Kommunen | Statleg sikra<br><br>Kommunal eigedom – regulert | Turveg, tursti, 2 p- plasser, servicebygg med toalett<br>Tursti , P-plass, vegbom, toalett, gapahuk, bålplass |
| **Sula** | Langevågsholmane<br><br>Eikrem<br>Vassetvatnet | 114,3<br><br>6,1 | Staten<br><br>Kommunen | Statleg sikra<br><br>Statleg sikra | Turstiar, 2 brygger, kai, informasjon, toalett<br>P-plass, garasje, toalett<br>Grindbygg, toalett |
| **Vestnes** | Kråkvika<br><br>Leirvågen | 101,6<br><br>165 | Staten<br><br>Kommunen | Statleg sikra<br><br>Statleg sikra | Tilkomstveg, turveg, turstiar, servicebygg med toalett, gapahuk og bålplassar, bade/fiskemolo, 2 stk. vegbommar<br>Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass |
| **Ørskog** | Skråvika | 10 | Kommunen | Statleg sikra | P-plass, turveg, toalett, vegbom, badestrand |
| **Ålesund** | Svinøya<br><br>Vikholmen<br>Hunsvær<br>Stafsethneset | 227,4<br><br>90<br>80<br>28,2 | Staten<br><br>Kommunen<br>Kommunen<br>Kommunen | Statleg sikra<br><br>Kommunalt sikra<br>Kommunalt sikra<br>Statleg sikra | 2 toalett, turstiar, natur- og kulturstI, 2 gjestebryggjer, grillplass, kystleihytte, trapper<br>Kai, turstiar, toalett<br>Gjestebryggje<br>Turstiar, hageanlegg, parkeringsplass, bryggjer, toalett, vegbom, bålplass etc |
| **Stordal** | Øyna | 49,5 | Privat | | 2 bruer, toalett |
| | | **1423,5 da** | | | |

### I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret i desse områda:

- Parrvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Tueneset friluftsområde i Ålesund kommune

- Spjelkavikelva friluftsområde i Ålesund kommune
- Murvika friluftsområde i Skodje kommune
- Vassetvatnet friluftsområde i Sula kommune
- Sti til Hamnsundhellaren i Haram kommune
- Sti mellom Alnes og Juv i Giske kommune
- Sti mellom Sandvika og Nøringset i Sula kommune
- Parkeringsplass ved Eikenosa i Ålesund kommune
- Parkeringsplass ved Storsætra i Skodje kommune
- Skiløyper rundt Mevatn og Svartløken i kommunane Skodje, Vestnes og Ørskog
- Sti til Skjonghellaren i Giske kommune
- Den Trondhjemske Postveg gjennom kommunane Vestnes og Ørskog

## Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

I alt er det 33 statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane til friluftsrådet. To av dei, Giske og Norddal, har ingen statleg sikra friluftsområde.

Friluftsrådet har eit heilskapleg driftsansvar for 9 av dei statleg sikra områda og delansvar for tiltak (t.d. toalett) i fleire av dei andre.

Friluftsrådet søkjer på vegne av rådet og kommunane om skjøtsel- og tilretteleggingsmidlar til alle dei statleg sikra friluftsområda.

*Toalettet i Norddalsbygda i Norddal kommune.*

Sunnmøre friluftsråd

## Eigedelar per 31.12.17

| Gjenstandar | Kommune | Lokalisert |
|---|---|---|
| | | |
| Gjestebrygger og kaier | Giske | Godøya |
| | | Ytterland |
| | Haram | Austnes |
| | | Søvik |
| | Skodje | Dampskipskaia |
| | | Mauren |
| | Stordal | Dyrkorn |
| | Sula | Storholmen |
| | | Storholmen |
| | | Brennholmen |
| | Ålesund | Svinøya |
| | | Svinøya |
| | | Hundsvær |
| | | Sunnmøre Museum |
| | | Svinøya |
| | | Vikholmen |
| | | Stafsethneset |
| Bruer | Stordal | Store Ådalselva |
| | Stordal | Elvabytet |
| | Ørskog | Fosslibrua (Måslia) |
| | Ørskog | Postvegen over Tverrelva |
| | Skodje | Mevatnet |
| | Vestnes | Kråkvika 3, Leirvågen 1 |
| Toalett | Giske | Blimsanden 2 stk |
| | Haram | Gurinesbukta |
| | Haram | Gjersetvatnet |
| | Sula | Taustua |
| | Sula | Eikrem |
| | Sula | Storholmen |
| | Sula | Vassetvatnet |
| | Skodje | Murvika |
| | Skodje | Håjem |
| | Stordal | Overøye |
| | Ålesund | 2 stk. Svinøya |
| | Ålesund | Vikholmen |
| | Ålesund | Parrvika |
| | Ålesund | Tueneset |
| | Ålesund | Lillevatnet |
| | Ålesund | Sandingane |
| | Ålesund | Stafsethneset |
| | Ålesund | 2 stk. Voldsdalsberga |
| | Ørskog | Skråvika, Brauta, Vaksvikfjellet |
| | Norddal | Norddalsstranda |
| | Stordal | 1 stk midlertidig |
| Toalett/reiskapsbu | Skodje | Mauren |

| | | |
|---|---|---|
| | Vestnes | Kråkvika |
| | Ålesund | Svinøya |
| Reiskapshus | Sula | Eikrem |
| Gapahuk | Vestnes, Sula, Skodje | Kråkvika, Lervågen, Håhjem, Vassetvatnet |
| Bålplass | Vestnes, Ålesund | Kråkvika (2 stk) Stafsethneset, Svinøya |
| Informasjonstavler | Sula | Eltrane |
| | Sula | Sandvika |
| | Giske | Godøya (3stk) |
| | Ålesund | Stafsethneset |
| Bade-/Fiskebryggje | Vestnes | Kråkvika |
| Handreiskap og verkty | | |
| Tilhengarar og båthengar | | |
| Minitraktorar og slåmaskinar | | |
| Arbeidsbåt med motor og kran | | |
| Liten arbeidsbåt med påhengsmotor | | |
| Div aktivitetsutstyr | | |
| Diverse kontorutstyr | | |
| Utstyrsbase med kajakkar, lavvoar, truger mm til utlån. | | |

# Vedtekter

**(Gjeldande frå årsmøte 22.03.2017)**

## §1 - MEDLEMMAR

Sunnmøre friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter §27 i Kommunelova mellom kommunane Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Sula, Vestnes, Ørskog, Ålesund og Stranda.

Nye deltakarkommunar skal godkjennast av årsmøtet.

## §2 - FORMÅL

Oppgåvene til Sunnmøre friluftsråd er i samarbeid med medlemskommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for:

a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag til bruk for ålmenta.

b) Å skape større forståing for nytten av friluftsliv.
c) Å betre friluftskulturen.
d) Å stimulere til friluftsliv for alle.
e) Å legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge.
f) Utarbeide planar som skal ligge til grunn for rådet sitt arbeid.
g) Vere ein pådrivar for medlemskommunane i friluftslivssaker og ein høyringsinstans i prinsipielle friluftssaker.

**§3 - ORGANISASJON**

Årsmøtet, styret og arbeidsutvalet er dei faste organa til Sunnmøre friluftsråd.

Styret og administrasjonen står for den dagleg drifta.

**§4 - ØKONOMI**

Deltakarkommunane skal betale tilskot til verksemda til Sunnmøre friluftsråd. Årsmøte fastset eit årleg pr. capita tilskot basert på folketal frå Statistisk Sentralbyrå frå føregåande år.

Budsjettframlegg som inneber meir enn 2% reell auke i tilskota frå medlemskommunane krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.

Framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste år skal sendast til medlemmane til orientering.

Friluftsrådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjent av medlemskommunane på førehand.

**§5 - ÅRSMØTET**

Årsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet. Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Kvar medlemskommune kan sende 2 representantar med røysterett til årsmøtet, helst ein av kvart kjønn.

Kommunane skal velje dei 2 representantane med vararepresentantar for heile kommunevalperioden. Medlemmane i styret har røysterett på årsmøtet.

På årsmøtet kan følgjande møte med røysterett.

- 2 representantar frå kvar medlemskommune
- Medlemmane i styret

Årsmøtet er også ope for andre interesserte.

Årsmøtet avgjer i kvart enkelt høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på årsmøtet.

Årsmøtet er vedtaksført når det etter vedtektene er lovlegg innkalla og kunngjort.

Årsmøtet vert innkalla etter vedtak i styret og med minst 4 vekers skriftleg varsel.

Ordinært årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje ordstyrar og sekretær
3. Handsame årsmeldinga til styret
4. Godkjenne den framlagde rekneskapen med revisjonsmelding
5. Fastsette neste års medlemskontingent. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.
6. Handsame innkomne framlegg
7. Handsame framlegget til neste års budsjett
8. Velje:
   a) Styre med vararepresentant (1 styremedlem + 1 personleg vararepresentant frå kvar medlemskommune).
      Kvar kommune bør stille med ein representant/vararepresentant av kvart kjønn.
   b) Leiar og nestleiar i styret mellom medlemmane i det alt valte styret.
   c) Revisor.
   d) Valnemnd på 3 medlemmar og 1 varamedlem.
   e) To personar til å godkjenne møteprotokollen frå årsmøtet.

Revisor og medlemmane av valnemnda vert valt for eitt år.

Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år, maksimalt 8 år samanhengande. Årsmøtet bør sjå til at det er minst 40% av kvart kjønn i styret. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane vere på val kvart år.

Vararepresentantane til styret vert valt for same tidsperiode som tilsvarande styremedlem.

Alle val skal vere skriftlege dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg.
Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, dvs. minst halvparten av røystene, skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

Alle vedtak på årsmøtet vert avgjort med vanleg fleirtal. Unntaket er sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal.

Ved stemmelikskap i saker som krev vanleg fleirtal avgjer dobbeltstemma til leiaren, sekundært vara for leiar.

## §6 - EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast med minst 2 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når minst halvparten av medlemskommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggast ved innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga.

**§7 - STYRET**

Styret er samansett av eitt medlem frå kvar medlemskommune.

Styret har leiaransvaret for friluftsrådet mellom årsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, avgjer leiaren med dobbeltstemme.

Styret vert leia av leiaren. Nestleiar tek over dersom leiar ikkje kan møte.

Leiaren avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmane ønskjer det.

Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.

Arbeidsoppgåvene til styret er m.a:
1. Å fremje oppgåvene til friluftsrådet i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak.
2. Å leie den vanlege drifta i friluftsrådet og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett.
3. Å tilsette medarbeidarar.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Å ha ansvar for at det vert ført rekneskap, og ført protokoll over alle møter og forhandlingar.
6. Å sende referat frå årsmøtet til alle medlemmane i friluftsrådet, til fylkeskommunen og til Friluftsrådenes landsforbund.
7. Å førebu årsmøtesaker med framlegg til vedtak om arbeidsprogram, budsjett og kontingent.

**§8 - VEDTEKTSENDRINGAR**

Endringar av vedtektene må gjerast på årsmøtet og krev minst 2/3 fleirtal.

**§9 - UTMELDING**

Eit medlem kan melde seg ut av friluftsrådet etter lovleg fatta vedtak i kommunen.

Utmeldinga blir først gyldig når kommunen har betalt medlemskontingenten også for det året utmeldinga tek til å gjelde.

**§10 - OPPLØYSING**

Oppløysing av friluftsrådet kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet.

Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare med oppløysing på saklista.

Dersom friluftsrådet blir oppløyst skal alle omsettelege aktiva seljast. Saman med andre kontante midlar skal verdiane delast mellom medlemskommunane, i høve til kontingenten frå kvar enkelt.